



Med fullpakka bil skal Kine og Thomas reisa rundt i Norge det neste halvåret før turen går vidare til Asia.

**Sambuarparet Thomas Engh og Kine Svendsbraaten frå Bjølsen i Oslo har gjort alvor av ein draum dei har hatt i mange år. Dei har tatt permisjon frå jobbane sine for å samla gode reiseopplevingar. Første halvåret skal dei reise rundt i Norge. Deretter skal dei bruke 2,5 månad på rundreise i Asia. No er dei i Uskedalen, og her er dei imponert over både gjestfriheten og naturen.**

Paret har no vore på reis i ein månad, og på ferda frå Oslo til Uskedalen har dei allereie opplevt mykje. Minnerike opplevingar frå m.a. Telemark, Hardangervidda, Øystese, Bergen og Fitjar vert ramsa opp når dei fortel om turen så langt. At Uskedalen er på reiseruta, er nok ikkje tilfeldig. Thomas er nemleg kollega med Jørgen Nilsen Moberg i UNIL, og dermed kunne han nok ikkje våge å komme tilbake på jobb etter månadsvis på reise utan å ha besøkt den kjære heimbygda til Jørgen.

Thomas fortel at dei lenge har drøymt om å ta seg fri frå jobben for å reise, men det var først i fjor sommar at dei bestemte seg for å gjera alvor av draumen. Dermed var sparinga og planlegginga i gang. Første halvåret skal dei reisa Norge på kryss og tverrs, frå aust til vest og frå sør til nord. Reisa vert gjort i ein BMW suv som er godt lasta med både takboks og kasse bak i tillegg til at den er fullpakka inni.

- Naturopplevingar med mange skogs- og fjellturar er sentralt på turen. I takboksen har vi forresten kano. Elles prøver vi å få med oss ulike kulturfasilitetar på stadene vi besøker, fortel dei, og legg til at det er ein lavbudsjett-tur med mange teltovernattingar, og der dei prøver å tøya matbudsjettet med å fiske.



Etter ein tur innom på Spar vart dei to tilbydd overnatting hos Gunn Mari og Asle Moberg.

Dei kom til Uskedalen torsdag kveld, og då var det naturleg å ta turen innom Spar-butikken for å helse på familien til Jørgen. Det hyggelege møtet enda med tilbud om overnatting, og no har det hatt to overnattingar på Neset. Siste døgnet har dei styrt huset åleine sidan vertskapet, Gunn Mari og Asle Moberg, er på planlagt tur til Voss.

- Det er heilt rått å bli møtt av så koselege og gjestfrie folk, seier Thomas om dette, og legg til at dei er imponert over kor mykje hyggelege folk dei har møtt også tidlegare på turen.  
 - Landet vårt er fullt av hyggelege folk, uttrykkjer dei, - Vi angrar ikkje eitt sekund på at vi har gjort dette. Det er uttruleg deilig!

Det er første gang paret besøker Vestlandet, og dei har fått mange gode tips til besøksmål både frå Jørgen, og frå foreldra hans Gunn Mari og Asle. Som dei fleste tilreisande lovprisar dei naturen her i Kvinnherad. Gårsdagen brukte dei til tur til Melderskin, og utsikten der beskriv dei som heilt fantastisk.

I dag går turen vidare, og på vegen skal dei besøke Rosendal der ein tur i Baroniet naturleg nok står på programmet. Dei reknar med å avslutta dagen ved Bondhusvatnet og overnatting i telt.

Norgesturen deira vil vara fram til oktober, og då står Asia for tur.

Det blir ein heilt annan tur. Då parkerer dei BMW-en, og byter ut bilen med kvar sin ryggsekk. Dei beskriv det som ein tusletur med ryggsekk som er i sterk kontrast til A4-bobla i Oslo.

I løpet av månadene i Asia reknar dei med å oppleva Thailand, Cambodia, Laos, Vietnam, Kina og India. Programmet er slett ikkje fastspikra, men i India har dei ein fast post. Dei skal i eit 5 dagars bryllup i Calcutta. Ein barndomsvenn av Thomas skal gifta seg med ei indisk dame. Ei ekstra oppleving som krydrar ein særdeles spennande tur der dei har gripe sjansen for å nyta livet.

Den spennande reisa kan vi følgje på instagramkontoen deira: utekontoret\_ . Der vil vi også finna bilde frå dagane deira her i Uskedalen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland